



Nasjonalparkstyret  
for Reinheimen

Postadresse  
Postboks 987  
2604 LILLEHAMMER

Besøksadresse  
Norsk Fjellsenter,  
Brubakken 2, 2686 Lom  
Norsk Tindesenter  
Havnegata 2, 6300 Åndalsnes

Kontakt  
Sentrabord: +47 61 26 60 00  
Direkte: +47 61 26 62 04  
fminpost@statsforvalteren.no  
<http://www.nasjonalparkstyre.no/reinheimen>

Roald Mork

Saksbehandlar Kristine Sørlie

Vår ref. 2021/44-2 432.3

Dykker ref.

Dato 11.02.2021

## Delegert sak - Dispensasjon - Reinheimen NP - motorferdsel - 2021 - snødekt mark - transport av båt til Flatvatnet - Roald Mork

### Delegert vedtak

Med heimel i naturmangfaldlova § 48, og verneforskrift for Reinheimen, § 3, pkt. 6.3, bokstav b), får Roald Mork dispensasjon til følgjande:

1. Ny båt i opplag ved Flatvatnet i Reinheimen nasjonalpark. Båten skal erstatte ein utrangert båt, som skal fjernast frå området.

Dispensasjon til plassering av ny båt er gjeve med følgjande vilkår:

- Båten skal plasserast slik at den ikkje hindrar ferdselet langs vatnet.
- Ny båt skal merkast med eigars namn, og ved endeleg utplassering skal det sendast bilet og GPS-koordinat til nasjonalparkforvaltninga og grunneigar Skjåk Almenning.
- Dersom båten ikkje lenger er i bruk, skal den fjernast frå verneområdet.  
Nasjonalparkstyret for Reinheimen kan be om at båten vert fjerna frå verneområdet.

2. Motorisert ferdsel med beltegående køyretøy på snødekt mark, for utkjøring av båt til Flatvatnet. Den gamle båten som har vore brukt tidlegare skal fraktast ut av verneområdet på retur.

Dispensasjon til motorferdsel er gjeve med følgjande vilkår:

- Dispensasjon gjeld for 1 tur, vintersesongen 2021.
- Transporten skal gjennomførast tidleg på vinteren, og før 20. april. Køyring i påskehøgtida skal unngåast.
- Det skal nyttast leigekøyrar godkjent av Skjåk kommune til transporten, jf. Nasjonal forskrift om motorisert ferdsel i utmark og på islagte vassdrag § 5a.
- Køyretrase: Billingen - Tordalen - Tverrådalen -Tordsvatnet -Flatvatnet. Retur same veg.
- Køyringa skal skje skånsamt av omsyn til dyreliv, naturmiljø og friluftsliv. Ta spesielt omsyn til villrein og rovfugl.
- Dispensasjon skal takast med under transport, for framvising ved eventuell kontroll.
- Seinast dagen før snøscootertransporten skal SNO v/ Per Olav Haugen varslast på mobilnr.: 970 57 213.
- Køyrerapport skal sendast nasjonalparkforvaltninga innan 5.juni, på følgjande elektroniske skjema:

[http://www.nasjonalparkstyre.no/Documents/Reinheimen\\_dok/Rapporteringsskjema\\_motorferdsel.pdf](http://www.nasjonalparkstyre.no/Documents/Reinheimen_dok/Rapporteringsskjema_motorferdsel.pdf)

Nasjonalpark

Reinheimen

Naturreservat

Brettigsmoen

Landskapsvernombra

Tafjorden-Reindalen, Trollstigen, Romsdalen, Lordalen, Finndalen, Ottadalen



Dispensasjon gjeld i høve verneforskrifta og naturmangfaldlova.

Ved bruk av leigekjørar treng ikkje kommunen særskild behandling, jf. rammer for leigekjørarløyve gjeve av kommunane.

Det er søkjer sitt ansvar å avklare tiltaket med evt. andre myndigheter og grunneigar.

## Klage

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova § 28. Ei eventuell klage skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast til Nasjonalparkstyret for Reinheimen.

## Heimelsgrunnlag

### Delegering

I medhald av vedtekter for Reinheimen nasjonalparkstyre punkt 6.2, jf. naturmangfaldlova § 62 andre ledd tredje punktum, har nasjonalparkstyret for Reinheimen i styremøte 14.03.2016, sak 5/16, gjort vedtak om å delegera handsaming av einskilde saker til nasjonalparkforvaltaren, slik som i denne saka. Vedtaket gjev nasjonalparkforvaltarane i Reinheimen myndighet til å treffen vedtak i saker av kurant karakter.

Med saker av kurant karakter meiner ein følgjande:

- Saker etter dei spesifiserte dispensasjonsføreseggnene i verneforskriftene om ferdsel og motorferdsel.
- Saker etter andre spesifiserte dispensasjonsføresegner i verneforskriftene og etter naturmangfaldlova § 48 der:
  - a) Det dreier seg om fornying av dispensasjon gjeve av styret eller arbeidsutvalet, og føresetnadene er tilnærma uendra.
  - b) Det føreligg etablert forvaltningspraksis frå saker handsama av styret/AU i tilsvarande sak.
  - c) Forvaltingsplanen gjev eintydige føringar for utfallet.

### Dokument i saka

- Søknad frå Roald Mork v/Marius Aaboen på e-post 31.12.20

### Søknaden

I søknaden på e-post frå Marius Aaboen står følgjande:

Roald Mork Nordberg søker hermed om snøscooter transport tillatelse av en båt , til Flatvatnet øst for Tordsvatnet for å drive fiske der.

Kjører fra Billingen - Tordalen - Tverrådalen -Tordsvatnet -Flatvatnet.

Transporteres av Skjåk Utmarkservice v / Marius Åboen.

I e-post 09.02. 21 skriv leigekøyrar at den «lille båten» som ligg ved Flatvatnet skal kjøreast til bygda på retur.



## Søknaden er vurdert i samsvar med:

Forskrift for Reinheimen NP, 24.11.2006

Forvaltningsplan for Reinheimen, 2010

Naturmangfaldlova, 2009

## Verneforskrift – formål

Formålet med opprettning av Reinheimen nasjonalpark (*verneforskrift § 2*), er først og fremst knytt til naturkvalitetane i området, der leveområdet til villreinstammen i Reinheimen-Breheimen villreinområde står sentralt. Ein tilleggsverdi er at ålmenta skal ha tilgang til naturoppleveling gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv i områda med liten grad av teknisk tilrettelegging.

All motorisert ferdsel i verneområdet er forbode, jf. verneforskrift § 3, pkt. 6.1.

Forvaltningsstyrsmakta kan jf. verneforskrift § 3, pkt. 6.3., gje løyve til:

*b) Bruk av beltegåande køyretøy på snødekt mark langs etablerte trasear eller lufttransport for nødvendig transport av ved, materialar eller varer til buer og hytter, utkjøring av båt.*

## Forvaltningsplan

Motorferdsel er i utgangspunktet forbode og særleg konfliktfylt fordi nasjonalparken skal være skjerma for unødig støy og uro. Transportar skal ha eit klårt nytteføremål.

På s. 47-48 i forvaltningsplan står følgjande om motorferdsel etter § 3, pkt. 6.3:

*«Motorisert ferdsel i Reinheimen nasjonalpark skal haldast på eit nødvendig minimum.*

*Motorferdsel i samband med bruk av beltegåande køyretøy på snødekt mark til ulike formål (verneforskrifta §3, pkt 6.3 b for nødvendig transport av ved, materialar eller varer til buer og hytter og utkjøring av båt, skal i regelen skje ved bruk av leigekjørarar (jf Nasjonal forskrift om motorisert ferdsel i utmark og på islagte vassdrag § Reinheimen nasjonalpark 48 5a).*

*For å sikre fleksibilitet og å unngå unødig behandling av søknader, skal løyve gjevast for ein aktuell periode. Leigekjørarar/transportør skal varsle oppsynet på førehand i forhold til den aktuelle dagen når transporten skal skje for å hindre moglege ulemper for villreinen og for å halde oversikt over motorferdsel i verneområdet. Det skal førast køyrebok som skal sendast forvaltningsstyrsmakta innan 5. juni kvart år.*

*For kjende, faste transportformål kan det gjevast løyve for inntil 5 år med avgrensing i tal på turar/sesong. Talet på turar skal normalt avgrensast, t.d. slik:*

*på vinterføre 1 – 5 turar*

*på vatn 1 – 10 turar*

*i lufta 1 – 3 turar.*

*Kjøring på snødekt mark skal normalt ikkje skje etter 20. april, ev. 3. påskedag om den er seinare.»*

Om båt i opplag, står følgjande i forvaltningsplanpå s. 46:

*«Båt i opplag, § 4, Naturmangfaldlova, § 48. Ved fiskevatn der det er opna for fiske med garn eller oter kan det vurderast å gi løyve til å ha båt i opplag på land. Dersom opplag av båtar er til hinder for ferdsla langs vassdraget eller får landskapsmessige konsekvensar, kan*



*forvaltningsstyremsakta gje nærmere føresegner for det enkelte vatn, om talet på båtar og kor og korleis dei skal lagrast.»*


## Naturmangfaldlova

I tillegg til behandling etter verneforskrift og eventuelle retningsliner i forvaltningsplan må søknaden også vurderast etter naturmangfaldlova, herunder dei miljørettslege prinsipp i §§ 8-12 (kunnskapsgrunnlag, føre-var prinsippet, samlet belastning på økosystemet, kostnader ved miljøforringelse bæres av tiltakshaver samt miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder), jf. § 7.

## Vurdering

### Båt i opplag

Verneforskrifta har teke høgde for at det kan vera behov for å vurdere plassering av båt i opplag på land ved fiskevatn, i verneområdet. Bruken av området gjennom generasjonar har vore med og gjeve føringar for kva det kan gjevast løyve til. Flatvatnet er eit fiskevatn på 1486 moh, aust for Torsvatnet i Reinheimen nasjonalpark, markert på kartet under.



Etter verneforskrifta for Reinheimen nasjonalpark, § 3, pkt. 3.2, a), er det opna for fiske i verneområdet, og all ferdsel skal skje omsynsfullt og varsamt slik at det ikkje skjer skade på landskap, naturmiljø eller kulturminne.



Når det gjeld utskifting av båt kan det vurderast å gje løyve til å ha båt i opplag på land, båten ikkje er til hinder for ferdsla langs vassdraget eller får landskapsmessige konsekvensar. Den nye båten skal erstatte ein gamal båt, som skal fjernast frå verneområdet. Det er ingen god oversikt over eksisterande båtar som ligg plassert ved Flatvatnet. I samråd med grunneigar, Skjåk Almenning, og SNO er det semje om at båtar i opplag vert merka med namn, og at GPS-koordinatar for plasseringa vert sendt til nasjonalparkforvaltning og grunneigar, for registrering. Dette vil gjera det enklare for både forvaltning og grunneigar å ha oversikt for å kunne følgje opp utrangerte båtar som ligg til forfall i verneområdet. Både grunneigar og nasjonalparkstyret skal også kunne krevje at ubrukte/utrangerte båtar vert fjerna frå verneområdet.

#### Motorferdsel

Søkjar har eit akseptert behov for transport som det kan gjevast dispensasjon til etter vernereglane. Verneverdiane i Reinheimen nasjonalpark er i stor grad knytt til naturverdiar. Motorferdsel kan virke negativt på fauna i ein sårbar fase som kalving/hekking. Rovfugl og villrein er særleg utsatt. I tillegg er støy frå motorisert ferdsel generende på friluftslivet. I Forvaltningsplan for Reinheimen er forholdet til å gi dispensasjon ikkje diskutert spesielt, men det blir understreka at motorferdsel kan vera særleg konfliktfylt fordi nasjonalparken og landskapsvernombråda skal vera skjerma for unødig støy og uro, og at motorferdsel skal ha eit klårt nytteføremål. I verneområda er det ei målsetting om å halde motorisert ferdsel på eit minimum.

#### Vurdering etter naturmangfaldlova §§ 8-12:

Det er allment kjent kunnskap at motorferdsel kan virke forstyrrende på dyreliv. Køyretraseen frå Billingen til Flatvatnet gjennom Tordalen går i eit område med ein sårbar rovfugllokalitet. (*Høitomt, G. & J. Opheim 2018. REINHEIMEN NASJONALPARK (med tilliggende verneområder) - Sårbarhetsvurdering rovfugl/våtmarksfugl 2017. Kistefoss Skogtjenester, Rapport nr. 6 2018.*) Lokaliteten er spesielt sårbar i perioden 01. februar til 15. juli. Traseen gjennom Tordalen er konfliktfylt, men den er på ei anna side utfordrande å legge om kvistaløypa til Torsbu. Det er særleg skiutfart knytt til påska som er uheldig, og som kan vera orsak til at rovfugllokaliteten er mindre brukt.

Køyretraseen ligg også i leveområdet for villrein, men tidleg på vinteren beiter vanlegvis store delar av villreinstammen i området søraust på Liafjellet. Området innover frå Billingen er hovudsakleg nyttå av villrein på sommarbeite, så transporten kjem ikkje i direkte i konflikt med villrein på vinteren. Det er likevel viktig at snøscooterførar i forkant av køyringa tek kontakt med SNO for å skaffe seg informasjon om dyrelivet i forhold til planlagt køyrerute. Kunnskapsgrunnlaget (§ 8) er godt dokumentert gjennom artsdatabasear og rapportar. Det er god oversikt over kva som kan påverke landskap, økosystem, naturtypar og artar. Dersom ein observerer rovfugl eller andre sårbare viltartar, er det viktig å halde god avstand for å unngå unødig forstyrring. Det er ikkje nødvendig å nytte føre-var-prinsippet i nml § 9, i dette tilfelle.

#### § 10 Økosystemtilnærming og samla belastning

Prinsippet skal sikre ei heilskapleg vurdering av tiltaket, og kva belastning økosystemet vert utsatt for. Dette inneber at tiltaket ikkje skal sjåast isolert, men vurderast saman med den totale miljøbelastninga av andre aktivitetar og tiltak i verneområdet. Snøscooter er akseptert som transportmetode, og vil passere gjennom Tordalen utan å opphald. Verknaden av snøscootertransporten i området er vanskeleg å måle, da ein tur for utkjøring av ein båt



---

isolert sett er ein bagatell. Det er den samla belastning av alle transportar over tid som i større grad kan påverke sårbare artar i bruken av områda.

Transporten skal gjennomførast med leigekøyrar, og kan såleis samordnast med andre køyreoppdrag i området. Belastninga for verneområdet er forbigåande og akseptable. Vilkår vil avbøte på eventuelle ulemper for verneverdiane.

§ 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode: Bruk av snøscooter er ein føremålstenleg metode for å løyse transportbehovet i dette tilfelle. Det er etablert forvaltningspraksis i tilsvarende saker, og den totale belastninga ved transporten er akseptabel så lenge det vert teke omsyn til naturmiljøet. Dersom det er informasjon om at villrein held til i køyretraseen, skal det ikkje køyrast. Om ein møter på rein i planlagt køyrerute skal ein vente til dyra har trekt unna, eller til ein kan køyre rundt dyra i en avstand på minimum 500 m på le side. Av omsyn til rovfugl lokalitetar skal ein ikkje gjere unødig stopp for opphold i Tordalen.

Med helsing

Kristine Sørli  
nasjonalparkforvaltar

Etter våre rutinar er dette brevet godkjent og sendt utan underskrift

Kopi til:  
Marius Aaboen  
Mari Melbø Rødstøl  
Reinheimen-Breheimen villreinutval v/Knut  
Granum  
Statens Naturopsyn v/Per Olav Haugen  
Skjåk Almenning  
Statsforvalteren i Innlandet  
Skjåk kommune  
Statens naturopsyn v/Thomas Rødstøl